Lånekassen

Søknad om ettergiving for ufør låntakar

U

Nynorsk

1 Personlege opplysningar

Kundenummer i Lånekassen		Fødselsnummer (11 siffer)	
Etternamn		Fornamn og mellomnamn	
Adresse	Postnummer	Poststad	Telefon

2 Sivilstand og forsørgjarplikt

☐ Ugift ☐ Gift/partnar ☐ Sambuar med felles barn ☐ Skild/separert ☐ Enkje/enkjemann

Før opp kor mange barn under 16 år du forsørgjer (både barn du bur saman med, og barn du betaler bidrag for). Legg ved fødselsattest(ar).	Talet på barn

3 Uføregrad

Oppgi uføregrad. Legg ved pensjonsbrevet frå NAV trygd.	Uføregrad (%)

4 Inntekt (Oppgi all inntekt. Legg ved dokumentasjon, sjå baksida.)

Varig uførepensjon frå folketrygda (brutto per månad)	Kr
Pensjon frå andre pensjonsordningar (brutto per månad)	Kr
Sjukepengar (brutto per månad)	Kr
Arbeidsinntekt (brutto per månad)	Kr
Andre inntekter, for eksempel renter og forsikringsutbetalingar (brutto per månad)	Kr
Sum brutto månadsinntekt (må fyllast ut)	Kr
Har du søkt om andre trygde- eller pensjonsytingar og ventar på svar?	☐ Ja ☐ Nei
Dersom ja, kva slag yting har du søkt om?	

5 Underskrifta til søkjaren

Eg forsikrar at opplysningane eg har gitt, er korrekte, og at eg ikkje har andre inntekter enn dei eg har gitt opplysningar om.

Stad/dato	Underskrift

Ettergiving av utdanningsgjeld for ufør låntakar

Dersom du blir **minst 50 prosent ufør** og får **varig uførepensjon frå folketrygda**, kan Lånekassen ettergi utdanningsgjelda di. Har du fått innvilga tidsavgrensa uførestønad, har du ikkje rett til ettergiving, men du kan søkje om rentefritak og betalingsutsetjing.

Utdanningsgjelda di kan også bli ettergitt dersom du har vore arbeidsufør i minst seks år, sjølv om du ikkje får uførepensjon. Du kan ikkje ha vore under medisinsk rehabilitering eller yrkesretta attføring i perioden.

Det er den skattepliktige inntekta di som avgjer om du kan få ettergitt gjelda heilt eller delvis. Er brutto-inntekta di per månad **14 980 kroner eller lågare** i 2007, kan heile gjelda di bli ettergitt. Har du barn under 16 år som du forsørgjer, blir inntektsgrensa auka med 1 500 kroner for kvart barn.

Er bruttoinntekta di per månad **høgre enn 14 980 kroner**, men lågare enn 22 600 kroner, viser tabellen nedanfor kor stor del av utdanningsgjelda di som vil vere igjen etter ei delvis ettergiving. Tabellen viser også kor store terminbeløpa dine blir.

Bruttoinntekt per månad *	Ny gjeld	Nytt terminbeløp
kr 14 981–16 880	kr 41 800	kr 1 340
kr 16 881–18 720	kr 48 800	kr 1 610
kr 18 721–20 660	kr 55 800	kr 1 900
kr 20 661–22 600	kr 62 800	kr 2 160

***** Inntektsgrensa blir auka med 1 500 kroner for kvart barn under 16 år som du forsørgjer.

For å få ettergitt gjelda må du fylle ut denne blanketten og leggje ved:

- kopi av vedtaket om uførepensjon frå NAV trygd som viser uføregraden din og at du har fått **varig** uførepensjon (pensjonsbrev)
- kopi av den siste utbetalingsslippen som viser den noverande bruttopensjonen din per månad
- dokumentasjon som viser eventuell anna skattepliktig bruttoinntekt per månad, til dømes arbeidsinntekt, annan pensjon, renteinntekter og andre kapitalinntekter
- kopi av fødselsattest for eventuelle barn under 16 år som du forsørgjer

Du stadfester med underskrifta di at opplysningane om inntekter i søknaden er korrekte, og at ingen inntekter er haldne utanfor.

Dersom du søkjer om og får ny utdanningsstøtte før det har gått ti år etter ettergivinga, blir vedtaket oppheva.

Personopplysningar

Lånekassen behandlar personopplysningar etter personopplysningslova. Formålet er å forvalte tilbakebetalinga av studielånet i samsvar med regelverket til Lånekassen. Vi kan ikkje gi rettar utan tilstrekkeleg dokumentasjon. Etter personopplysningslova har du mellom anna rett til innsyn i dei opplysningane vi har om deg, og til å rette eventuelle feil. Personopplysningar kan bli utleverte til offentlege styresmakter og andre som har lovheimel til å få utlevert slike opplysningar, til andre som behandlar personopplysningar på vegner av Lånekassen, og til den personen opplysningane gjeld. Lånekassen kan innhente opplysningar frå andre etter lov om utdanningsstøtte § 23.

Adresser til Lånekassen

Lånekassen har kontor i Tromsø, Trondheim, Ørsta, Bergen, Stavanger og Oslo. Besøksadresser til kontora finn du på www.lanekassen.no/kontakt. Blanketten sender du til:

Statens lånekasse for utdanning
Postboks 36 Kalbakken
0901 Oslo

Organisasjonsnummer NO 960 885 406